

Styremøte Ål stibyggerlag 7. Okt. 2020.

Tilstades: Eirik, Knut, Agnete (vara), Christina (vara), Bjørn Herbrand, Torleiv, Vidar, Kristine.

Fråfall: Magnus, Per

Referat: Knut

Agenda (vedlegg for meir info):

1. Godkjenning av referat styremøte 17. Juni.
2. Orientering om status i tre prioriterte område/tiltak
3. Orientering om andre områder
4. Markeds/ kommunikasjonsstrategi
5. Eventuelt

Referat:

1. Godkjenning av referat styremøte 17. Juni. Referat vart godkjent med følgande kommentarer:
 - Skoleparken, Torleiv har etterspurt Reidun i kommunen om drift, vedlikehold og utvikling, ikkje svar. Dette følges opp videre av Torleiv.
 - Hallingdal sykkelpark- nødvendig vedlikehold har blitt gjort, potensiale for meir vedlikehold og utvikling. Ny bruk av sykkelparken etter elvelangs. Muligheter for utviding av sykkelpark videre mot stasjonsbrua. Det jobbes med permanente gang og sykkelbruer over elva mot Hallingsprett trasee.

2. Ulike område.

Torpo: Stibyggerlaget har komme med politisk innspel om utvikling av arealt til sykling i kommuneplan. Boligtomter har vore regulert sidan 1991. Riktig tidspunkt for innspel til omregulering no. Eirik og Torleiv følger prosessen vidare i kommunen. Det er interessant og ønskelig å få synspunkt frå Torpo IL om kva arealbruk dei ønsker på området- Ål stibyggerlag spiller inn dette til årsmøtet deira på nyåret.

På Torpo foregår det sykling i dag på stigar som er helt eller delvis etablert på dugnad av lokalmiljøet. Det er eit konfliktpotensial kring dette, det er eit aukande behov for formalisering av grunneigaravtaler, infrastruktur som skilt og strategisk parkering med mer mangler i dag. Det er aukande behov for offisielle stifaddere og lokal stietikette på Torpo. NOTS sine stivettregler og Sogn terrengsykkel sin lokale stietikette vart vist fram med påpekninger om at desse ikkje er hensiktsmessig for Torpo.

Masterplanen har forslag om løypeutvikling frå Rota til Bråtabakken ref tiltak414 side 83. Stibyggerlaget har i sommer jobbet med videre kartlegging av muligheter og begrensinger for dette. Ytterligere planlegging og dialog med grunneiere er nødvendig.

Hallingsprettprosjektet ref tiltak 32 side 79 masterplan. Søknader til DNBstiftelsen og Olav Thon stiftelsen er sendt inn, tippemiddelsøknad er skrevet, men ikkje sendt inn. Tippemiddelsøknad må omskrivast noko, Kristin jobber vidare med saken. Kristine har oversikt over søknadsmuligheter og frister. Eckbos legat har også komme opp som ein moglegheit. Nye grunneigaravtaler gjenstår, me treng meir detaljert forslag til trasee for å få til dette. Trailhead Nesbyen har fått i oppgave å lage dette i haust. Jens Petter Brandli og

Eirik har kontakt med grunneiere. Målsetning om grunneieravtale kring nyttår, helst tidligare.

Andre områder:

Jørund Li og Bjørn Herbrand har hatt litt idemyldring rundt aktivitet og utvikling knytt til Torpomoen. Bjørn Herbrand heldt dialogen med Jørund kring dette.

Masterplanen har forslag om stiutvikling mellom Torpo og Torpo Gjestegård- 516 side 87. Ingen private grunneiere har stilt seg negativ til dette. Litt krevende trase med hensyn til riksveg, hytte og boligtomter samt elva. Spennande muligheter. Christina undersøker videre kring dette.

Demis og Mona Strendo har komme med spennande innspel med sin eigedom av betydelig størresle mellom Hallingdalselva og Dyna. Knut og Magnus gir tilbakemelding til Mona og Demis og drøfter videre muligheter i fram til neste styremøte.

Torleiv nevnte at kommunen har fått Innspel om vidareutvikling av Lyaprosjektet i retning Torpo.

Kommunebudsjett blir banka i desember, vil vere avgjerande for økonomien til stibyggerlaget, Kristine og Eirik følger opp denne prosessen.

Marked og kommunikasjonsutkast,

Tråkk N Roll SA har etablert merkevaren "Hallingdal rides" for å markedsføre av Hallingdal som ein sykkeldestinasjon. Tråkk N Roll SA har eit eige budsjett for markedsføring. Noko har blitt gjort i år med nettside, sosialemedier og Vlog, meir kjem neste år.

Ål stibyggerlag ønsker å utfordre Hallingdal rides til utvikling av ein regional stietikette ref behovet på Torpo og Ål. Agnetha tek dette med vidare med Tråkk N Roll SA.

Telemarksforskning har eit interessant forskningsprosjekt om sykling og natur. Me får etterspel frå nettverksmøte som blir arrangert i Treungen, Nissedal i haust.

Nytt styremøte blir etter nyttår.